


# Nisser og småtroll frå solsida i Bøverdalen

Nisser og småtroll er ei av to bøker som kom ut i 1949 med historiar av Olav O. Aukrust, illustrert av søskenbarnet Kjell Aukrust. Den andre boka, Risen i Jutulfjell, vart kåra til den vakraste boka det året.



Men bratt var vegen og vilt var lende, han kraup på magen og datt på ende, han tykte nesten at kvar ein stein låg og glytta på han og flein.

Og best det var kom han ut or skogen, han vart så lett og glad i hogen: i grasgrønt lende og bekkebrus låg så lune og gråe hus.

Det låg ein gard der med røys og reine i livd av villmark og bjørk og eine. Men bratta flaug opp med bergevegg - ved skigard grå stod det snøkvit hegg.



Tekst og illustrasjonar frå Risen i Jutulfjell. Teikninga heiter Huldregard i Flåklypa.



Illustrasjon på framsida av andre opplaget av Nisser og småtroll. Boka kom ut på forlaget Dreyer i Oslo i 1961. Fyrst opplaget vart utgjeve i 1949.

Olav O. Aukrust (1912-1999) var ein av to søner til den meir kjende lyrikaren av same namn. Namnet Olav gjekk i arv frå generasjon til generasjon.

## Det meste av oppveksten i Lom

Olav O. hadde det meste av oppveksten sin på Lyvjaberg etter at foreldra hadde overteke og bygt opp denne plassen frå 1926. Han budde i Lom saman med kona Meta Werner frå Tyskland fram til dei fløtte til Oslo i 1953. Der arbeidde han som laborant og forfattar. Familien reiste attende til Lom i alle feriar og hadde god kontakt med Lomsbygda.

## Antroposofi

Olav O. Aukrust arbeidde i fleire tiår med studiar av verdas religionar, noko som resulterte i i alt tre store bokverk under tittelen Dødsrikets verdenshistorie I-III, Menneskehetens forestillinger og kunnskaper om livet etter døden (1985). Olav O. studerte også antroposofisk medisin og hadde eigen praksis i Oslo. Han og kona ofra mykje av livet sitt til den alternative Steinerskulen der Meta underviste.





Olav O. Aukrust saman med mora Gudrun. Foto utlånt av Marit Aukrust.

### Alternativt livssyn

Olav O. hadde nok mykje av dette alternative i blodet. Far til dikteren, som også heite Olav, underviste på friskulen på Ofigsbø ein vinter på 1870-talet. Mor til Olav O., Gudrun, var dotter til kjøpmann Ivar Blekastad og Torø Ofigsbø. Blekastad frå Sel/Gausdal er rekna som ein av pionerane for den frilynte ungdomsrørsla i Noreg. Nettverket strekkjer seg frå desse og inn i det antroposofiske miljøet i Gudbrandsdalen og Lillehammer i fyrste halvparten av 1900-talet.

### Nisser og småtroll

Boka Nisser og småtroll kom fyrste gongen ut i 1949 og det var søskenbarnet Kjell Aukrust som illustrerte boka. Kjell var åtte år yngre enn Olav O. og både to har fått mykje impulsar og inspirasjon frå Lomsbygda. Dei to ga det same året også ut Risen i Jutulfjell, som vart kåra til årets vakraste bok det året.

### Guttene på broen

Kjell Aukrust ga i 1993 ut boka Guttene på broen. Ein av historiane i den boka, Impresjonisten, er i sin heilheit henta frå Kjell sitt opphald i Bøverdalen.



**H**øgt oppi ei fjellbygd ligger en gard som heter Nigard. Der står heldgamle tømmerhus på skakke, med små, grønne vinduer og mørke, underlige glugger. Et stykke ovenfor Nigard, oppe i lia, ligger Oppigard. Også her er det mørke tømmerhus, bygd av digre furustammer, som ble felt oppi heiene og hamrene en gang i utgamle tider. I skymringa skulle en nesten tro det var digre, underlige dyr som lå der oppi bratta og glodde utover dalen. Gardene ligger ikke lenger fra hverandre enn at jordene rekker i hop. Noe gjerde har det aldri vært her, slikt synes de er bare tull på Nigard og Oppigard. Men midt oppi det bratte jordet står Storfurua på en liten haug. Den hører med til gardene og husa og alt sammen. Oppigard, Nigard og Storfurua - de tre hører sammen og danner et rike for seg.

**O**g nå gjelder det å få tent julelyset. I årenes løp har Oppigards-Nils og Nigards-Truls samlet seg opp en mengde lysstumper, så de har litt å lyse med når det trenges. Men julelyset må være nytt og ubrukt, og derfor støyper de det lille julaften og gjemmer det omhyggelig til julekvelden. ... Og mens lyset brenner og kaster underlige skygger på veggene og i krokene, står småtrolla betatt og stirrer på treet og konglene. ...

Utdrag av tekst frå boka Nisser og småtroll av Olav O. Aukrust. Illustrasjon frå Guttene på broen av Kjell Aukrust.

Stekteikningane i denne artikkelen er attgjeve med løyve frå Aukrustsenteret, Alvdal. Vi har også fått mykje informasjon frå Aukrustsenteret.